

KVALIFIKASJONSOPPLEGG NM 2017 - MRGL!

Her er årets gjetarhundprøver som utgjør grunnlaget for Møre og Romsdal sitt uttak til NM 2017 (merk at fylket også i år stiller med 6 hundar til NM).

Gjetarhundprøver:

- DP 1 den 27.05.2017 (Ukjent stad, publiserast nærare på MRGL.no)
- DP 2 den 27.05.2017 (Ukjent stad, publiserast nærare på MRGL.no)
- DP Follestadalen (Kolåstindprøva) den 03.06.2017
- DP i Batnfjordsøra den 30.09.2017
- FM i Batnfjordsøra den 01.10.2017

Av totalt 5 gjetarhundprøver (lista ovanfor), tel dei 3 beste resultatata for kvar ekvipasje som grunnlag for uttak til årets NM (dei to dårlegaste resultatata, om ein går alle 5 uttaksprøvene, fell automatisk ut frå den endelege berekninga).

Poengskala etter plassering i dei enkelte prøvene for ekvipasjane blir summert saman utover, ettersom prøvene vert avheldne, som vist nedanfor:

Poengfordeling DP/ FM	
1 plass	15 p.
2 plass	12 p.
3 plass	10 p.
4 plass	9 p.
5 plass	8 p.
6 plass	7 p.
7 plass	6 p.
8 plass	5 p.
9 plass	4 p.
10 plass	3 p.
11 plass	2 p.
12 plass	1 p.

Poengskalaen som vert nytta i år er lik som for tidlegare år.

Poeng gies ihht oppnådd intern plassering i samtlege gjetarhundprøver.

Ein summerer saman dei enkelte deltakarane si oppnådde plassering internt for deltakarar frå M&R og dei får plasspoeng ut frå det som grunnlag for poengberekninga.

MERK:

- **Samtlege som deltek i gjetarhundprøver i regi av NSG, skal løyse medlemskap i NSG.**
- **Fylkesmesterskapet teller IKKJE dobbelt i poengberekninga**
- **Fylkesmester er direkte kvalifisert til NM.**
- **Ingen prøvehund som skal gå kvalifiseringsprøve, skal gå på bane nytta til uttaksprøve, minimum ei veke før prøva vert helde.**

Viser elles til «Uttaksreglement - MRGL» som ein finn under fana «Organisering» og vidare undermeny – «Reglement»

Fortløpande lister med poeng utover sesongen blir publisert via www.mrgl.no

Styret i MRGL 29.3.2017